



Atle Berland  
Lurevegen 1107  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/529 - 17/7123

Saksbehandlar:  
Knut Bjørnevoll  
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:  
02.03.2017

## Førebels svar - trong for tilleggskommunikasjon - gbnr 62/41 Tofting

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om etablering av brygge den 13.02.2017.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

### Grunngjeven søknad om dispensasjon

må sendast inn. Du må søka om dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona etter plan- og bygningslova § 1-8, og frå arealføremålet i kommuneplanen, som er LNF (landbruks-, natur og friluftsområde) på land og vern og bruk av sjø og vassdrag i sjøen. Når søknaden er kommen inn, sender vi han på høyring til Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen og Bergen og omland havnevesen før kommunen kan handsama søknaden.

Sjå vedlagt rettleiar, som også inneheld eit enkelt søknadsskjema som du kan bruka, eller du kan skriva eit eige brev.

Dispensasjonssøknad skal i utgangspunktet nabovarslast. I denne saka kan vi unnta frå ekstra nabovarsling av dispensasjonssøknad, sidan alle naboane har kvittert med «samtykker til tiltaket»

**Søknadstypen** skal vera søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett for denne typen konstruksjon. Det er berre mindre tilbygg og uthus som kjem inn under søknad utan ansvarsrett. Du kan eventuelt søka om unntak frå krav om ansvarsrett eller søka om ansvarsrett som sjølvbyggar.

### Utsetta søknad om løyve til tiltak

Vi rår deg til å be om at byggesøknaden ikkje vert handsama før dispensasjonsspørsmålet er avklart, i tilfelle du får avslag.

---

#### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

## Teikningar

Til søknad om løyve til tiltak må du levera inn målsette teikningar av brygga. Og du bør leggja ved skisser og beskriva litt meir i dispensasjonssøknaden. Er det trebrygge du vil bygga?

Kommunen ber om at dispensasjonssøknaden vert sendt inn **innan 28.04.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

## Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. For dispensasjonssøknad er sakshandsamingsfristen 12 veker pluss den tida saka er på høyring (4 veker).

## Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Dispensasjonssøknad: kr 9 500,- pr dispensasjon.

Søknad om løyve, anlegg og konstruksjonar (små): kr 6 900,-

## Kommuneplanen

Plankart: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317821615791.pdf>

Planføresegner: <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1317825466359.pdf>

Sjå elles kommunen si heimeside:

<http://www.lindas.kommune.no/byggjesak-for-privatpersonar.368484.nn.html>

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## Vedlegg:

NKF\_dispensasjon

## Mottakarar:

Atle Berland

Lurevegen 1107 5912

SEIM